

• Landbruk

Talet på konkursar i jordbruket var i fjor det største på minst ti år. Forskarar ropar varsku og seier politikken til regjeringa kan gi fleire konkursar framover.

Kraftig auke i konkursar

Kvar veke gjekk i snitt eitt gardsbruk konkurs eller blei tvangssett i fjor. Samla vart det registrert 49 konkursar eller tvangsoppløysingar i jordbruket. Det er det høgaste talet på minst ti år.

Konkursstala har auka to år på rad. I 2017 gjekk 19 fleire bønder konkurs enn i 2015, ein auke på 64 prosent. Det viser tal frå kredittopplysningsselskapet Bisnode, som har henta tal frå Brønnøysundregistra.

Ropervarsku

Den kraftige veksten i konkurstala for bønder overraskar landbruksforskarar. Ivar Pettersen i Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) seier det er grunn til å rope varsku.

– Det er relativt få konkursar i jordbruket, men vi ser nå ein vesentleg auke som det er grunn til å rope varsku om. Ein såpass stor auke før den varsla renteoppgangen er ikkje bra. Vi ser at mange av dei store bruka har høg gjeldsgrad. Det er ein risiko når renta begynner å stige, seier Pettersen, som viser til at store bruk i fleire regionar har over 60 prosent gjeldsgrad.

Gjelda til norske bønder har auka kraftig dei siste åra. Driftsgranskningane til NIBIO viser at kvart bruk i snitt hadde over 3,3 millionar kroner i samla lånegjeld i 2016, noko som er ei dobling sidan 2008.

I tala som ligg til grunn for jordbruksoppgjæret er den jordbruksrelaterte gjelda til norske bønder rekna til 62,4 milliardar kroner for 2018. I tillegg kjem gjeld knytt til private egedelar og andre næringar, slik at norske bønder totalt har rundt 115 mil-

liardar kroner i gjeld ifølgje eit grovt estimat frå NIBIO.

– Større konkursfare

Pettersen seier politikken som regjeringa fører gir auka konkursfare for bønder. Han viser til at aukande prisar på landbrukseigedom gir høgare gjeld, som på sikt er konkurstrivande.

– Det har vi sett eksempel på i Danmark. Jordbruket blir meir kapitalintensivt og meir følsamt for aukande rente, seier han.

Kort tid etter regjeringsskiftet i 2013 sende dåverande landbruksminister Sylvi Listhaug (Frp) ut eit brev til kommunane der ho bad dei om ikkje å leggje avgjerande vekt på pris i konsekvensvurderinga, noko som dels sette prisreguleringa av landbrukseigedom ut av spel. Seinare la regjeringa også fram eit forslag om å fjerne heile priskontrollen. Etter strid i meir enn to år tvinga Stortinget regjeringa til å følgje priskontrollen vinteren 2016.

I 2017 fekk regjeringa fleirtal for å heve konsesjonsgrensa for landbrukseigedom, noko som gjer at rundt 20.000 fleire landbrukseigedommar kan seljast utan buplikt og priskontroll.

– Vi må gå ut frå at prisreguleringa har dempa prisveksten. Når prisreguleringa blir svekka, så må ein rekne med at prisane vil auke meir framover, seier Pettersen.

– Medverkar politikken til fleire konkursar?

– Ja, framover vil friare prisdanning gi auka verdiar og større kapitalrisiko. Regjeringas politikk kan absolutt medverke til det, men jordbruket har utruleg låg konkurstrisiko i dag, seier Pettersen.

Han trur det er for tidleg å sjå følgjene av endringane i konkurstala for dei siste åra, men seier det er noko som kan kome på sikt.

Åtvarar mot følgjene

Dagleg leiar Christian Anton Smedshaug i AgriAnalyse er einig i at politikken som regjeringa fører skaper større konkurstrisiko i jordbruket.

– Utholing av eigedomsreglane og stadig større einingar gir auka kapitalrisiko og større konkursfare. Bonden blir meir sårbar for dårlege avlingar, tørke og vanskelege marknadsforhold, seier Smedshaug, som seier det er verdt å minne om det som har skjedd i jordbruket i Danmark.

– Der er eigedomsreglane i

Fakta

Konkursar i jordbruket

• 49 jordbruksføretak gjekk konkurs eller blei tvangsoppløyst i 2017, ifølgje tal Bisnode har henta frå Brønnøysundregistra.

• Det er det høgaste talet på minst ti år. Talet på konkursar i jordbruket har auka to år på rad og var i 2017 64 % høgare enn i 2015.

• Dei fleste bønder har enkeltpersonføretak der konkurs ofte òg inneber ein personleg konkurs der bonden må gå frå hus og heim og hefte for resterande gjeld.

praksis oppheva og det er ingen storleiksbegrensing. Det gir ein veldig stor finansiell risiko, seier Smedshaug.

Smedshaug seier liberaliseringa av eigedomsreglane og stadig større driftsomfang etter alle solemerke vil bidra til fleire konkursar i jordbruket over tid.

– Den utviklinga har fleire vore redd for lenge. Det er derfor vi har hatt reguleringar. Veksten i talet på konkursar er eit mogleg faresignal. Den utviklinga bør ein følgje nøye om ein vil ta vare på det langsiktige familieeigarskapet i jordbruket, seier Smedshaug.

Han viser til at gardsbruket oftast er både ein buplass og ein arbeidsplass for bonden. Ein konkurs får dermed store følgjer.

– Det er viktig å unngå konkursar både for den enkelte bonde, for familien og for samfunnet. Det kan fort vere snakk om personlege tragediar. Derfor bør ein ha ein politikk og eit regelverk som er utforma slik at det blir færrest mogleg konkursar, seier Smedshaug.

Pettersen seier skilsmisse er ein av dei største risikofaktorane i jordbruket.

– Det personlege eigarskapet gjer at dei fleste bønder vil strekke seg utruleg langt for å unngå ein konkurs sidan det får så store konsekvensar. Bankar har sagt at ein av dei største risikofaktorane er skilsmisse og oppbrot i familien. Om buet må delast kan det gi svekka tryggleik for lånet. Fleire av konkursane kan skuldast oppbrot i familien, seier Pettersen.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no



Konkurs: Slåttnes gård i Tromsø er selt etter at eigaren gjekk konkurs. Det er blei bygd i 2012.

Konkurssal for stort mjøl

Eit stort mjølkebruk med robot i Tromsø er selt etter at bonden gjekk konkurs. Prisen var set til over 10 millionar kroner. Ifølgje bustyrar vil salet truleg ikkje dekke alle innmelde krav.

Eit stort gardsbruk med lausdriftsfjøs og mjølkebot fra 2012 på Kvaløya i Troms er selt etter at eigaren blei slått personleg konkurs.

Prisen var på førehand sett til 10,5 millionar kroner. Ifølgje bustyrar Jan Halstein Haugnes blei bodrunden avslutta sist veke.

– Garden er selt, men salet må leggest fram for tingretten for stadfesting, seier Haugnes, som ikkje vil uttale seg om salssummen.

Han seier fleire viste interesse for garden, som framleis er i full drift med rundt 40 mjølkekyr og 80 ungdyr. Garden er på 156 mål fulldyrka jord.

Meir gjeld enn verdiar

Det er meldt inn krav på til saman 10,5 millionar kroner til konkursbuet. 9,1 millionar er pantekrav frå Innovasjon Norge og Sparebanken Nord-Norge, som ifølgje Haugnes har rundt halvparten av pantekravet kvar. Resten av kravet skal vere knytt til skattar og avgifter og mindre kreditorar.

Konkursen blei opna i vår som følgje av eit uoppgjort krav frå ein leverandør på 69.000 kroner, ifølgje avisa «i Tromsø».

Haugnes seier det ikkje ligg an



Større risiko

«Framover vil friare prisdanning gi auka verdiar og større kapitalrisiko. Regjeringas politikk kan absolutt medverke til det.»


Ivar Pettersen, landbruksforskar



Fakta

Konkursar i jordbruket

- Tala inkluderer enkeltpersonføretak, men ikkje personlege konkursar utan enkeltpersonføretak. Tvangsoppløysingar er også med.
- Tala gjeld for bransjekode 01000 Jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk, jakt og viltstell.



Kjelde: Bismode, henta frå Brønnøysundregistrene

er meldt inn krav til konkursbuet på 10,5 millionar kroner. Robotfjøset

Foto: Jan Halstein Haugnes

Ikkebruk med robotfjøs

til at salet av garden vil dekke anna enn kravet frå hovudpanthavarane. Han ventar likevel ikkje at nokon av kreditorane vil måtte ta tap i særleg grad.

– Det er ikkje slik at kreditorane tapar pengane. Her er det ein personleg konkurs der personen framleis hefter for gjelda sjølv om konkursen er avslutta, seier Haugnes.

– Mange årsaker

Haugnes vil ikkje gå nærare inn på årsakene til konkursen.

– Det kan vere mange årsaker til ein konkurs. Eg vil ikkje gå nærare inn på det, men det handla til slutt om at ein ikkje klarer betene forpliktingane, seier han.

Haugnes seier samla gjeld på

garden ikkje var større enn at den skulle la seg betene av drifta. Han avviser at det var nokon ekstraordinære hendingar som sjukdomsutbrot eller liknande som utløyste konkursen.

Det har ikkje lukkast Nationen å kome i kontakt med bonden som var eigar og drivar av garden og som bygde fjøset i 2012.

Blei skjønnslikna

Ifølgje skattelistene hadde bon-

den i 2016 ei skattbar inntekt på rundt 872.000 kroner. Han står oppført med ein utlikna skatt på rundt 574.000 kroner same år og med null i formue.

Ifølgje bustyraren blei bonden skjønnslikna av skatteetaten.

– Det er ikkje sikkert at dei tala er basert på reelle forhold, seier Haugnes.

– Betyr det at bonden ikkje har levert sjølvmeldinga eller rekneskapen siste åra?

Personleg konkurs

«Her er det ein personleg konkurs der personen framleis hefter for gjelda.»

Jan Halstein Haugnes, styrrar for konkursbuet

– Det kan bety det. Eg har ikkje full oversikt, seier Haugnes, som seier han har konsentrert seg om å vidareføre drifta av garden og få til eit sal.

Usikkert for leigejord

Ut frå annonsen er det vel 384.000 liter i mjølkekvote knytt til eigedommen. Totalarealet er på 1056 mål, der 718 mål er utmark, 135 mål er skog, 156 mål er fulldyrka, 1,4 mål er overflate-dyrka og 3 mål er beite.

Garden leiger 700-800 mål fulldyrka mark. Dei fleste avtalane er munnlege og det står i annonsen at det er usikkert om avtalane kan vidareførast.

«Kjøper overtar risikoen for alle forhold knyttet til disse avta-

lene», heiter det i annonsen.

Med eigedommen følgjer også eit våningshus på 224 kvadratmeter brutto med fem soverom og tre bad oppført i 1984. Fjøset er på 1246 kvadratmeter og har plass til 40-50 mjølkekyr og 70-80 ungdyr, heiter det i annonsen. Garden er i full drift og alt av tilhøyrande lausøyre, dyr og maskinar følgjer med. Av andre bygningar på garden er ein gamal driftsbygning, eit lager, garasje, sommarfjøs, to naust, eit gammalt våningshus, kårustad, hytte, grillstove og ei utmarksbu, heiter det.

Haugnes seier det ikkje var andre tilsette på garden då bonden gjekk konkurs. Bonden skal ifølgje Haugnes ha flytta frå garden.